

Møteprotokoll

Utval: Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde
Møtestad: Sandane næringshage, Sandane
Dato: 03.04.2013
Tidspunkt: 10:00-13.00

Følgjande faste medlemmar møtte:

Namn	Funksjon	Representerer
Håkon Myrvang	Leder	
Ola Tarjei Kroken	Nestleder	
Oddmund Klakegg	Medlem	
Iris Loftheim	Medlem	

Følgjande medlemmar meldte forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Jorunn Eide Kirketeig	MEDL	

Følgjande varamedlemmar møtte:

Namn	Møtte for	Representerer
Olav Klungre	Jorunn Eide Kirketeig	

Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Alf Erik Røyrvik	Verneområdeforvaltar
Rune Holen	Naturoppsyn

I tillegg var fylkesmiljøvernssjef Nils Erling Yndesdal med på siste del av møtet. Han orienterte om Fylkesmannen sine oppgåver og roller i verneområdeforvaltninga.

Underskrift:

Vi stadfestar med underskriftene våre at det som er ført på dei sidene vi har signert i møteboka, er i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Saksliste

Utvals- saksnr	Innhald	Lukka	Arkiv- saksnr
ST 10/13	Godkjenning av innkalling og sakliste		
ST 11/13	Godkjenning av protokoll frå forrige møte		
ST 12/13	Søknad om helkopterlanding - Indre Sunnfjord turlag		2013/1111
ST 13/13	Søknad om snøskuterløyve - Joar Eide		2013/1261
ST 14/13	Søknad om snøskuterløyve - Gjengedalsmarkja beitelag		2013/1282
ST 15/13	Søknad om flytting av bygning - Joar Eide		2013/1260
ST 16/13	Søknad om tiltaksmidlar til skjøtsel - Arnestad grunneigarlag		2013/137
ST 17/13	Søknad om tiltaksmidlar til florakartlegging - Svein Hjelmeset		2013/137
ST 18/13	Prioritering av bestillingsdialogmidlar 2013		2013/1385
RS 2/13	Orienteringssaker		
ST 19/13	Eventuelt		

ST 10/13 Godkjenning av innkalling og sakliste

Tillegg til sakliste:

Ny sak på sakskartet:

ST 20/13 Søknad om snøskuterløyve – Risbotnen beitelag

Vedtak:

Innkalling og sakliste godkjent med tillegg

ST 11/13 Godkjenning av protokoll frå førre møte

Vedtak:

Protokoll frå førre møte vart godkjent

Arkivsaksnr: 2013/1111-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.03.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	12/13	03.04.2013

Søknad om heilkopterlanding - Indre Sunnfjord Turlag

Dokument i saka:

- Søknad frå Indre Sunnfjord Turlag om å få lande med helikopter ved Longevasshytta.
- Uttale frå Villreinnemnda i Sogn og Fjordane

Søknaden

Indre Sunnfjord Turlag (IST) er eit lokallag under Sogn og Fjordane Turlag og Den Norske Turistforening. Det er IST som eig og driv Longevasshytta, den einaste turlagshytta som ligg i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde.

IST har behov for å få transportert inn forsyningar til Longevasshytta. Det dreiar seg om ved, proviant, materialar og utstyr til vedlikehald av hytta. Turlaget ynskjer å nytte helikopter til denne transporten. Transporten skal skje i samband med dugnad inne ved Longevasshytta, som vil gå føre seg i august eller september. Ruta for helikopterflyginga er frå Legestølen i Jølster og gjennom Årdalskupa til Longevasshytta.

Det er behov for å frakte forsyningar inn til hytta kvart år, og IST søkjer derfor om eit fleirårig løyve til å lande med helikopter ved Longevasshytta. Dei søkjer om ein transport med inntil 5 hiv per år.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel, inkludert landing med helikopter, er i utgangspunktet forbode i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Men, forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til landing med helikopter i samband med transport av varer og forsyningar til hytter i landskapsvernområdet. Dette er heimla i verneforskrifta § 3 pkt 5.3.e) og f):

5.3. *Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:*

[...]

e) transport av varer til hytter og stølar

f) transport av materialar til vedlikehald og byggjearbeid på stølshus, hytter, gangbruer og liknande.

Forvaltningsstyresmakta har altså heimel i verneforskrifta til å gje eit slikt løyve som det er søkt om.

I tillegg til eit eventuelt løyve frå forvaltningsstyresmakta, so må ein ha løyve frå kommunen og løyve frå grunneigar der som ein skal lande.

Vurdering

Longevasshytta er eit viktig tilbod for friluftsfolk som nyttar Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Hytta ligger sentralt i verneområdet og det går ruter hit frå fleire av innfallsportane. Hytta er ikkje berre eit godt tilbod for turfolk, men ei sjølvbetjent turlagshytte er og viktig for tryggleiken i vinterfjellet.

Det er naudsynt for drifta av turlagshytter å få transportert inn varer og forsyningar som ved, mat og gass. I tillegg trengs det materialar og utstyr til vedlikehald av bygningsmassen. Som synt til er det og heimel til å gje løyve til denne typen transport i verneforskrifta. Det er derfor ganske kurant å gje løyve til eit slikt tiltak, og heilt i tråd med forvaltningspraksis og verneområdestyret sine tidlegare signal og satsingar.

Ruta og området der flyginga skal gå føre seg (Legestølen – Årdalskupa – Longevasshytta) på den tida det er søkt om (august/september), er etter vår kjennskap ikkje særleg sårbart. Det kan vere villrein i området, men dette er i god tid etter kalving og tidspunktet er ikkje i ein sårbar periode for villreinen. Det er likevel eit viktig poeng at man ikkje skal uroe villreinen. Det kan og vere rovfugl i dette området, men perioden det er søkt om er ei god stund etter hekkeperioden. Tiltakshavar må sjølvstilt syte føre at flyginga og landing med last skjer so skånsamt som muleg med omsyn til natur og miljø.

IST har søkt om eit fleirårig løyve med flyging av inntil 5 hiv kvart år. Ein kan sjølvstilt alltid stille spørsmål ved kor mange turar / hiv det er naudsynt å fly kvart år. Førre gong IST fekk helikopterløyve, i 2011, fekk dei løyve til 4 hiv. Behov kan variere frå år til år, og på eit fleirårig løyve er det derfor fornuftig å gje løyve til dei 5 hiva det er snakk om. Bruk av helikopter er uansett sopass kostbart at tiltakshavar truleg uansett vil avgrense bruken av helikopter til det som er strengt naudsynt.

Villreinnemnda i Sogn og Fjordane har skrive uttale i samband med denne søknaden. Villreinnemnda er positiv til at transport i landskapsvernområdet utført med helikopter på sommarstid, då det er mindre belastande for villrein enn mange snøskuterløyver. Vidare ber villreinnemnda om at helikopterflyging i dette området vert utført i den varmaste delen av sommaren (før midten av august).

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova kap II

I følgje naturmangfaldlova (nml) § 7 skal alle vedtak som kan ha verknad på naturmiljøet, vurderast opp mot nml §§ 8-12.

Det er ganske vanleg å bruke helikopter til transport av forsyningar, materialer, utstyr mm. i verneområder, særleg i barmarksesongen. Erfaring og kunnskap syner at dette er den mest skånsame måten å gjennomføre ein slik transport på, då den ikkje set spor i terrenget. Området der flyging og landing skal skje kjem truleg ikkje i konflikt med villreinen i området og tiltaket skal skje i eit tidsrom då verken villrein eller fugleliv ikkje er veldig sårbart. I tillegg vil det verte lagt vilkår til løyvet om at SNO kan stogge flyging av omsyn til villrein om den skulle vere i området. Kunnskapsgrunnlaget kring tiltaket er godt, og føre-var-prinsippet treng derfor ikkje nyttast.

Det er ikkje gjeve andre dispensasjonar til motorferdsel i dette området tidlegare i år, og det er her berre snakk om ein tur. Den samla belastninga i området er med andre ord liten. Det er ikkje forventa at tiltaket kan føre til miljøforringing som kan utløyse krav om miljøerstatning. Som påpeika tidlegare er bruk av helikopter vurdert til å vere den mest skånsame måten å gjennomføre ein slik transport på.

Framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev Indre Sunnfjord Turlag løyve til å lande med helikopter ved Longevasshytta i samband med transport av forsyningar og materialar.

Løyvet gjelder frå og med 2013 til og med 2015. Det kan flygast ein transport med inntil 5 hiv/turar kvart år i perioden.

Vilkår for løyvet:

- Løyvet gjelder i perioden 1.6 – 15.8 i dei åra løyvet gjelder for.
- Det skal takast omsyn til verneverdiane og natur og miljø generelt.
- Flyginga skal avgrensast til det som er naudsynt.
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport.
- Statens naturoppsyn v/Rune Holen (tlf: 975 95 102) skal informerast om flyginga seinast dagen før flyginga vert gjennomført. SNO kan stogge flyging dersom omsyn til villrein eller andre tilhøve skulle tilseie det.
- Etter kvar «sesong» skal det sendast ein kort rapport om flyginga til verneområdeforvaltar.
- Indre Sunnfjord Turlag må sjølv syte føre å ha naudsynte løyve frå kommunar og grunneigarar.
- Dette løyvet skal vere med under flyginga

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 03.04.2013

Vedtak ST 12/13

Styret fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg til vedtak.

Arkivsaksnr: 2013/1261-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.03.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	13/13	03.04.2013

Søknad om snøskuterløyve - Joar Eide

Dokument i saka:

- Søknad om snøskuterløyve

Søknaden

Joar Eide søker i søknad av 12.mars 2013 om løyve til å køyre med snøskuter inn til bua si som ligger i Vasskaret, inst i Helgheimsdalen på Jølster. Føremålet med køyringa er å transportere ved, materialar, parafin og proviant inn til bua. Ruta det er søkt om går opp Helgheimsdalen, forbi Helgheimsstølen og opp til Vasskaret, som ligg på om lag 950 moh. Eide søker om å køyre to turar på denne ruta. Siste bratta opp til Vasskaret er so bratt at her må det køyrast i fleire omgangar, totalt 3-4 turar opp og ned dette partiet. Perioden det er søkt om er april og mai 2013.

Verneforskrift og regelverk

Verneforskrifta § 3 har reglar som regulerer motorferdsel i landskapsvernområdet. I følgje punkt 5.1 er motorferdsel forbode både på land og i vatn innanfor verneområdet. Punkt 5.3 opnar likevel for at forvaltingsstyresmakta kan gje dispensasjon til bruk av snøskuter til transport av varer til hytter og stølar. Dette løyvet er derfor heimla i verneforskrifta § 3 punkt 5.3:

5.3. Forvaltingsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

- e) transport av varer til hytter og stølar

I tillegg til løyve etter verneforskrifta må all motorferdsel i utmark vere i tråd med lov om motorferdsel i utmark og på vassdrag, og ein må ha løyve frå grunneigar der kor ein skal køyre.

Vurdering

Transport av varer og forsyningar til hytter, støler og buer er naudsynt for dei som eig desse bygningane. Det er naudsynt både med omsyn til vanleg bruk og med omsyn til å halde bygningane ved like. Verneområdeforvaltninga ser positivt på at verneområda er i bruk og at bygningane vert halde ved like, so lenge det skjer på ein skånsam måte.

Dette medfører at forvaltninga aksepterer eit minimum av motorferdsel i samband med slik transport som det er søkt om, so lenge det skjer på ein måte som tek omsyn til natur, miljø og verneverdiar. Det er relativt lite kontroversielt på gje løyve til den type transport som det er søkt om her, og det er i tråd med reglane i verneforskrifta og retningslinjene i utkast til forvaltningsplan.

Villreinnemnda i Sogn og Fjordane er informert om søknaden, og dei informerer om at det området det er søkt om å køyre i , ikkje er problematisk med omsyn til villrein.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Forvaltingsstyresmakta skal (jf. naturmangfaldlova (nml) § 7) vurdere alle vedtak opp mot nml §§ 8-12:

§ 8 om kunnskapsgrunnlaget:

Forvaltingsstyresmakta ser det slik at ein har god kunnskap om tiltaket og dei effektar som det vil ha på naturmiljøet. Forvaltninga har erfaring med bruk av snøskuter frå tidlegare saker. I og med at kunnskapsgrunnlaget er tilstrekkeleg, får ikkje § 9 om føre-var-prinsippet verknad i dette tilfellet.

§ 10 om økosystemtilnærming og samla belastning

Motorferdsel i dette området er per i dag av eit særst avgrensa omfang. Den samla belastninga er derfor ikkje vurdert til å vere særleg stor. Forvaltingsstyresmakta vil registrere all motorferdsel i verneområdet, og på den måten følgje med på kor stor den samla belastninga vert.

§11 om kostnadar ved miljøforringelse

Ikkje aktuelt i dette tilfellet.

§ 12 om miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Bruk av snøskuter til transport vil i dette tilfelle vere det mest skånsame og effektive metoden av omsyn til naturmiljøet.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev Joar Eide løyve til å bruke snøskuter til transport av forsyningar og materialar til bua si i Vasskaret. Løyvet gjeld inntil 2 turar frå Helgheim og opp til Vasskaret, i perioden 1.4 til 31.5 2013.

Vilkår for løyvet:

- Køyninga skal avgrensast til det som er naudsynt og so kort rute som mogeleg
- Det skal ikkje køyrast på søndagar eller heilag dagar
- Det kan køyrast fleire turar på den siste, bratte strekninga opp mot bua i Vasskaret
- Statens naturoppsyn v/Rune Holen (tlf: 975 95 102) skal varslast om køyning seinast dagen før køyninga finn stad
- Løyvet kan ikkje nyttast til persontransport
- Etter gjennomført køyning skal det sendast ein kort rapport til verneområdeforvaltaren
- Tiltakshavar må sjølv syte føre naudsynte løyver frå kommune og grunneigarar.
- Dette løyvet skal bringast med under køyninga

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 03.04.2013**Vedtak ST 13/13**

Styret fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg til vedtak.

Arkivsaksnr: 2013/1282-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.03.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	14/13	03.04.2013

Søknad om snøskuterløyve - Gjengedalsmarkja beitelag

Dokument i saka:

- Søknad om snøskuterløyve til utkøyring av saltstein

Søknad

Gjengedalsmarkja beitelag (tidlegare Gjengedal beitelag BA) har tidlegare hatt løyve til å køyre ut saltsteinar med snøskuter i beiteområdet i Gjengedalen. Dette løyvet gjekk ut i 2012, og Gjengedalsmarkja beitelag søker no om nytt løyve. Det er søkt om å køyre saltsteinar frå Gjengedalsstøylen til Fossvedalen, frå Gjengedalsstøylen til Botnane/Dyrkjinfjellet og frå Gjengedalsstøylen til Styggelivatna. Beitelaget søker om eit fleirårig løyve, men melder om at det ikkje er alle år at snøforholda er slik at dei får gjennomført køyringa.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Men forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til køyring av saltsteinar jamfør § 3 punkt 5.3:

§3 vernereglar

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Verneområdestyret har altså heimel til å gje eit slikt løyve som det er snakk om.

I tillegg til ein eventuell dispensasjon til motorferdsel i landskapsvernområdet, må søkjaren sørge for at køyringa er i tråd med lova om motorferdsel i utmark (løyve eller klarering hjå kommunen) og løyve frå grunneigar til å køyre på grunnen.

Vurdering

Beitenæringa står sterkt i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det er gjennom bruken av området til utmarksbeiting og fjellbeite at stølskulturen har oppstått og skapt det kulturlandskapet som er ein del av verneføremålet i landskapsvernområdet. Det er derfor lagt opp til, både i verneforskrift og i praktisk forvaltning, å støtte opp om beitenæringa og dei behov som beitenæringa har.

Snøskuter på snødekt mark er ein skånsam måte å frakte transportere varer, forsyningar og materialar på, og det er derfor ein av dei anbefalte transportmidla for bruk inne i eit verneområde. Snøskuter på snødekt mark set normalt ikkje varige spor i terreng og vegetasjon. Dette er derfor den mest aktuelle måten å drive transport på i landskapsvernområdet, saman med bruk av helikopter og bruk av båt på vatna.

Det er ei villreinstamme i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, nemlig den sokalla Førdefjella-reinen. Det er ei stamme på 80-100 dyr. Villreinen er ein sårbar art som lett vert forstyrra av motorferdsel og anna aktivitet i leveområdet. Særleg gjeld dette i tida fram mot og under kalving. Dersom simlene vert utsett for forstyrning i denne perioden, kan resultatet i verste fall bli at dei kastar kalven. Ein må derfor unngå motorferdsel og anna omfattande aktivitet i dei områda simlene oppheld seg før og under kalving. To av rutene som er søkt om her (til Fosselledalen og til Botnane) går inn i det området som er definert som kalvingsområde for Førdefjellareinen, og det er dette området reinen har nytta som kalvingsområde dei siste åra. Ein bør so langt det er mogeleg unngå motorferdsel innanfor Høgeholten, Storevatnet og Rantane etter 15. mars. Ruta til Styggelivatna kjem ikkje i konflikt med kalvingsområdet og er ikkje problematisk i høve til villrein.

Forvaltninga har vore i kontakt med sekretariatet til Villreinnemnda i Sogn og Fjordane, og dei ber instendig om at det ikkje må opnast for motorferdsel inn i det området som er definert som kalvingsområde etter 15. mars.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle tiltak som kan påverke natur og miljø vurderast opp mot nml §§ 8-12. § 8 handlar om kunnskapsgrunnlaget. I denne saka er kunnskapsgrunnlaget basert på erfaringar frå tidlegare år, både med omsyn til effektane av snøskuterkøyring og kunnskap om villreinen sin områdebruk gjennom året. Forvaltninga har vore på fleire synfaringar i området siste åra. Saka er godt belyst og kunnskapsgrunnlaget er so godt at føre-var-prinsippet i § 9 ikkje er aktuelt i denne saka. Den samla belastninga av motorferdsel og anna aktivitet i området er innanfor det akseptable (jamfør nml § 10), omfanget av motorferdsel i området er lågt. Det er ikkje forventa at tiltaket skal føre med seg skade på naturmangfald som gjer erstatning jamfør § 11 aktuelt. Transportmetoden som det er søkt om, er blant dei mest skånsame metodane jamfør nml § 12.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

I og med at vi for 2013 er komen inn i den sårbare perioden for villrein, so vil eg innstille på litt ulike løyver for 2013 og for seinare år.

Naustdal-Gjengedal verneområdeestyre gjev Gjengedalsmarkja beitelag følgjande løyve til utkøyring av saltsteinar med snøskuter:

2013:

Ein tur frå Gjengedalsstøylen og opp til Styggelivatna. Det kan og køyrast saltsteinar opp til området Høgeholten – Skaret, slik at ein kortar ned avstanden dei eventuelt må berast seinare.

Løyvet gjeld fram til og med 30.april.

2014 og 2015:

Ein tur kvart år på kvar av desse rutene:

- Gjengedalsstøylen – Styggelivatna
- Gjengedalsstøylen – Botnane/Dyrkjinfjellet
- Gjengedalsstøylen – Fosselledalen

Rutene til Botnane/Dyrkjinfjellet og til Fosselledalen kan køyrast i perioden 1. 1 – 15.3. Det skal ikkje vere transportkøyring med snøskuter i området innanfor Høgeholten – Storevatnet – Rantane etter 15.mars. Ruta til Styggelivatna kan køyrast i perioden 1.1 – 30.4.

Vilkår for løyva:

- Løyvet skal medbringast under køyring
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilagdag
- Køyringa skal avgrensast til det som er naudsynt og det skal takast omsyn til dyreliv, planteliv og turfolk. Særleg viktig er det å ta omsyn til villrein.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyring. SNO kan nekte køyring dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyring skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.mai.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdeestyre - 03.04.2013

Vedtak ST 14/13

Styret fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg til vedtak.

Arkivsaksnr: 2013/1260-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.03.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	15/13	03.04.2013

Søknad om flytting av bygning - Joar Eide

Dokument i saka:

- Søknad om å flytte utedo ved Skarvassbu

Søknaden

Joar Eide har søkt om å få flytte utedoen ved bua si i Vasskaret i Jølster kommune. Eide ynskjer å flytte utedoen 20 m vestover frå der den står no, grunna dei lokale snøforholda. Der utedoen står no, kan det fort bygge seg opp 3-4 m med snø, og denne smeltar ofte ikkje vekk før uti juni. Eigaren vil derfor flytte utedoen om lag 20 m, til ein plass kor det ikkje legg seg so mykje snø. Utedoen skal førast opp att i same storleik og same materialar. Utedoen som står i dag er på om lag 1,5 x 1,5 m og er om lag 1,6 m høg. Den ligg mellom nokre store steinar og glir veldig godt inn i terrenget.

Verneforskrift og lovverk

Flytting av ein bygning må handsamast som oppføring av bygning på den nye plasseringa. Oppføring av bygning i landskapsvernområdet er eit inngrep som etter verneforskrifta § 3 punkt 1.1 ikkje er lovleg. Der er heller ikkje nokon heimel i verneforskrifta til å gje løyve til ei slik flytting av bygning som det er søkt om.

Naturmangfaldlova § 48 er ein generell dispensasjonsheimel der forvaltningsstyresmakta i eit verneområde kan gje dispensasjon frå vernevedtaket dersom føresegnene som ligg i § 48 er oppfylt. Paragrafen skal handsamast strengt og berre nyttast unntaksvis.

Naturmangfaldlova (nml) § 48, første ledd:

Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.

Verneområdestyret kan med heimel i denne paragrafen gje dispensasjon til det tiltaket som er søkt om, men berre dersom tiltaket «*ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig*», jamfør første ledd i paragrafen.

Vurdering

Den viktigaste vurderinga i denne saka er kor vidt tiltaket det er søkt om er i strid med verneføremål, eller om det påverkar verneverdiane nemneverdig. Naustdal-Gjengedal er verna som landskapsvernområde, og føremålet med vernet er å finne i verneforskrifta § 2:

§ 2. Formål

Formålet med vernet er å ta vare på eit eigenarta og vakkert naturområde som er så godt som fritt for tyngre tekniske inngrep, og som har stor variasjon i natur frå lågland og stølsdalar til fjellområde med brear, mange dalar med elvar og store og mindre vatn. Det er vidare eit formål å ta vare på kulturlandskapet med dei kulturminna det inneheld. Området skal også kunne nyttast til tradisjonelt friluftsliv utan særleg teknisk tilrettelegging.

Vidare står det i § 3, punkt 1.1:

«Området er verna mot inngrep eller tiltak som vesentleg kan endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. [...]»

Flytting av ein bygning er som nemnt tidlegare å rekne som ei nyoppføring av ein bygning, og dermed eit inngrep i landskapet. Men ei kort flytting av ein liten bygning, som det her er snakk om, kan ikkje seiast å vesentleg endre eller verke inn på landskapet sin art eller karakter. Tiltaket er derfor ikkje i strid med verneføremålet og ein kan heller ikkje sjå at tiltaket påverkar verneverdiane i nemneverdig grad, so lenge tiltaket vert gjennomført på ein skånsam måte. Det vert vurdert som formildande for tiltaket at det ikkje vil auka talet på bygningar i landskapsvernområde, at det er snakk om eit allereie bebygd område, at det er snakk om flytting over ei kort distanse og at bygningen er liten.

Tiltaket er, slik verneområdeforvaltaren vurderer det, ikkje i strid med verneføremålet og det vil ikkje påverke verneverdiane nemneverdig. Forvaltningsstyresmakta kan derfor gje dispensasjon til tiltaket med heimel i nml § 48.

Eide vil flytte utedoen fordi det legg seg mykje snø der som utedoen tår i dag. I følgje Eide kan det i enkelte år ligge 3-4 m med snø der, og snøen vert liggande ut i juni. Forvaltninga har stor forståing for at dette er upraktisk, og at det er eit reelt behov når eigaren vil flytte bygningen med det arbeidet det fører med seg. Ein fungerande utedo ved ei bu som er i bruk, er dessutan positivt og viktig for å unngå forsøpling av området rundt bua.

Området er verna som eit landskapsvernområde, og med det er det ikkje ynskjeleg med inngrep i verneområdet. Inngrep i landskapsvernområdet skal derfor avgrensast til eit minimum. Likevel er det sånn at området er verna med dei hytter og buer som var i området på vernetidspunktet, og vernet skal ikkje gå ut over bruken av desse. Det brukspreget som området har fått gjennom mangeårig bruk til beitebruk og friluftsliv er ein del av verneverdien til verneområdet. Friluftsliv er dessutan nemnd i føremålsparagrafen som står sitert lenger oppe her.

Sjølve tiltaket er ikkje omfattande. Det er snakk om å flytte ein liten bygning på 2,25 m² og denne skal flyttast om lag 20 m. Den ligg i eit allereie bebygd område då den ligger rett ved bua, og den skal no flyttast nærmare bua. Storleik og materialbruk skal ikkje endrast, og søkjaren skal framleis legge vekt på at bygningen skal gli inn i terrenget. Det er alt i alt snakk om eit lite inngrep, og vi kan ikkje sjå at tiltaket vil påverke landskap eller verneverdiar i nemneverdig grad.

Vurdering i høve til miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova (§§8-12).

Kunnskapsgrunnlaget i saka baserer seg på informasjon frå søkjaren og frå å studere flybilete og tilsendte bilete. I tillegg har forvaltaren vore i kontakt med villreinnemnda i samband med ei anna sak og fått bekrefte at dette området ikkje er sårbart med tanke på villrein. Alt i alt er kunnskapsgrunnlaget godt. Førre-var-prinsippet treng derfor ikkje brukast i dette tilfellet.

Den samla belastninga i området aukar ikkje i nemneverdig grad, då talet på bygningar i området ikkje vil auke. Dette under føresetnad om at det vert rydda skikkeleg opp der som bygningen står i dag. Bygningen skal flyttast nærmare bua slik at areal som er bebygd heller minkar enn aukar. Samla belastning av tiltaket er derfor akseptabel. Tiltakshavar er ansvarleg for eventuelle skadar på naturmangfaldet som tiltaket måtte volde.

§ 12 handlar om å velje mest skånsam metode og driftsteknikk. Den er ivareteken her, ved at bygningen skal vere i same område, same stil og same storleik som før.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev Joar Eide løyve til å flytte utedo ved bua i Vasskaret om lag 20 meter mot vest, med heimel i naturmangfaldlova sin § 48, første ledd.

Vilkår for løyvet:

- Tiltaket skal gjennomførast innan utgangen av september 2014
- Tiltaket skal ikkje føre til unødig skade på natur, miljø og vegetasjon
- Bygningen skal etter flytting ha same storleik, same byggestil og same materialbruk som den har i dag
- Det skal ryddast opp skikkeleg opp etter flytting, både der den står i dag og rundt den nye plasseringa
- Tiltaket skal dokumenterast når det er ferdig, med foto og eventuelt med synfaring.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 03.04.2013

Vedtak ST 15/13

Styret fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg til vedtak.

Arkivsaksnr: 2013/137-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.03.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	16/13	03.04.2013

Søknad om tiltaksmidler til skjøtsel - Arnestad grunneigarlag

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler til skjøtsel på Arnestadstøylen – Arnestad grunneigarlag

Søknaden

Arnestad grunneigarlag søker om midlar til skjøtsel, i form av slått, på Arnestadstøylen. Sjølve støylskvia er eit området på om lag 3 daa som ligg rundt bygningane på støylen. Området er gjerda inne slik at beitedyr kjem inn rundt og mellom bygningane. Då slepp ein skader og tilgrising frå beitedyra inne på sjølve støylen, men det fører og til at dette arealet ikkje vert beita.

Grunneigarlaget søker derfor om midlar til slått av støylskvia. Dei har planer om å slå arealet 2-3 gonger i løpet av sommaren. Arbeidsinnsatsen vert stipulert til totalt 20 timar. Dei søker om å få dekkja denne innsatsen med kr 300 per time, pluss kr 500 til bensin og driftsmiddel, totalt kr 6.500,-.

Vurdering

Verneområdeforvaltaren meiner dette er eit særst godt tiltak. Skjøtsel av støylskvia er viktig, både for floraen på støylskvia, for estetikken på og rundt støylen, og for å halde kulturlandskapet i hevd. Arnestadstøylen og resten av Langedalen er teke med i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde på grunn av dei flotte og tradisjonelle støylsmiljøa, og det er viktig at desse vert halde ved like.

Skal slik slått ha noko for seg og vere gunstig for floraen, må det gjerast på riktig måte. Ein bør nytte metodar som klypper eller skjer av graset, som til dømes bruk av ljå eller motorslåmaskin med knivbjelke. Ein bør unngå metodar som «slår» av graset, som bruk av reiskap med slagstål.

Dette er eit godt tiltak for å sikre og styrke verneverdiane i landskapsvernområdet, og tiltaket er godt i tråd med føremålet for bruken av styret sine tiltaksmidler.

Arnestad grunneigarlag har og søkt Gloppen kommune og Utviklingsfondet for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde om støtte til tiltaket. Kommune og fondstyret vil bli informert om utfallet av denne saka.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre imøtekjem søknaden frå Arnestad grunneigarlag med kr 6.500,- frå styret sine tiltaksmidlar, til slått av støylskvia på Arnestadstøylen. Skjøtselen skal gjennomførast etter avtale med verneområdeforvaltar og/eller Statens naturoppsyn.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 03.04.2013

Vedtak ST 16/13

Styret fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg til vedtak.

Arkivsaksnr: 2013/137-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.03.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	17/13	03.04.2013

Søknad om tiltaksmidler til florakartlegging - Svein Hjelmeset

Dokument i saka:

- Søknad om tiltaksmidler til kartlegging av flora i Fagredalen frå Svein Hjelmeset

Søknaden

Etter samtale med verneområdeforvaltaren søkjer Svein Hjelmeset om kr 20.000,- frå styret sine tiltaksmidler, til kartlegging av floraen i Fagredalen. Hjelmeset er godt kjend i området, og kan melde om førekomstar av sjeldne, kalkkrevjande plantar i området. Særleg gjeld dette Fagredalen og Steinbotnen. Desse lokalitetane ligg ikkje inne med registreringar på naturbase, noko Hjelmeset meiner er litt mangelfullt. Etter hans erfaring er Fagredalen den kanskje viktigaste lokaliteten for kalkkrevjande flora i landskapsvernområdet. Registreringane ein eventuelt gjer kan samlast i eit hefte eller anna informasjonsmateriell. I samband med registreringa kan Hjelmeset og registrere hekkande fuglar i dette området.

Vurdering

Kartlegging av naturverdiane i landskapsverneområdet er eit viktig arbeid som bør prioriterast. Mykje arbeid er gjort allereie og mykje av dette er tilgjengeleg på naturbase eller andre databasar, men det er likevel mykje som ikkje er kartlagt enno. For å ha ei god forvaltning av eit verneområde er det viktig å ha mest muleg kunnskap om dei naturverdiane som er i området. Dette er viktig kunnskap for forvaltninga, men og kunnskap som kan og bør formidlast ut.

Tiltaket er i tråd med føremålet med styret sine tiltaksmidler. Vi har ikkje brukt midlar til kartlegging av plantelivet i Naustdal-Gjengedal tidlegare, og slikt arbeid bør prioriterast høgt.

Det er søkt om kr 20.000,-. Verneområdeforvaltaren vil tilrå at styret tildeler noko mindre i første omgang. Ved tildeling av kr 12.000, med ein vanleg timesats på tiltak i verneområdet på 300 kr, vil det verte 40 timar til dette arbeidet. Om det skulle syne seg å verte lite, får vi heller kome tilbake til det seinare i år.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre imøtekjem søknaden med kr 12.000,- til kartlegging av flora i Fagredalen og Steinbotnen. Arbeidet skal skje i samråd med verneområdeforvaltaren.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 03.04.2013

Vedtak ST 17/13

Styret fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg til vedtak.

Arkivsaksnr: 2013/1385-0

Saksbehandler: Alf Erik Røyrvik

Dato: 22.03.2013

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	18/13	03.04.2013

Prioritering av bestillingsdialogmidlar 2013

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre fått tildelt ein samla pott på 450.000 som styret kan fordele på dei innmeldte tiltaka.

Tiltaka som styra meldte inn og som det kan få midlar er:

- Parkeringsplassar på Reinene og i Øygjord i Naustedalen
- Uttak av gran i og rundt landskapsvernområdet
- Produksjon av tregongar som kan leggast der stiar går over myr og fuktige parti
- Sti/krøtterveg i Traudalen
- Prosjektering av hengebru over Nausta ved utløpet av Vonavatnet
- Stien frå Vonavatnet til Nesstølen

Det vart og søkt om midlar til beitegransking av villreinbeitet. I følge DN fins det andre kanalar som skal finansiere eit slikt tiltak.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

Parkeringsplassar på Reinene og i Øygjord i Naustedalen:	46.000 ,-
Uttak av gran	100.000,-
Samlepost for stiltak	304.000,-

Vedtak ST 18/13

Styret vedtok følgende fordeling av dei 450.000 som vart tildelt styret over bestillingsdialogen:

Parkeringsplassar på Reinene og i Øygjord i Naustedalen:	46.000,-
Uttak av gran:	100.000,-
Flyfoto av verneområdet (SNO ansvarleg):	15.000,-
Samlepost for stiltak:	289.000,-

ST 19/13 Eventuelt

Ingen saker

Utvalg	Utvalgssak	Møtedato
Styret for Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde	20/13	03.04.2013

Søknad om snøskuterløyve - Risbotnen beitelag

Dokument i saka:

- Søknad om snøskuterløyve til utkøyring av saltstein

Søknad

Risbotnen beitelag søker om å få køyre ut saltsteinar i beiteområdet sitt, til fem saltautomatar dei har i det området. Beitelaget søker om å køyre inn Risbotnen og Rantane til saltautomatane, og retur på Storevatnet. Det vert søkt om å køyre ein tur til saltautomatane, eventuelt to om det trengs for å få med seg alle saltsteinane. Køyringa skal uansett gjennomførast på ein dag. Det er søkt om å køyre i perioden mars-april, og beitelaget vil gjerne ha eit fleirårig løyve.

Verneforskrift og regelverk

Motorferdsel er i utgangspunktet forbode i landskapsvernområdet, jamfør verneforskrifta § 3 punkt 5.1. Men forvaltningsstyresmakta kan likevel gje løyve til køyring av saltsteinar jamfør § 3 punkt 5.3:

§3 vernereglar

5.3. Forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til bruk av luftfarty, båt med motor, eller beltekøyrety på vinterføre i samband med:

[...]

b) transport av saltstein og liknande for husdyr på beite

Verneområdestyret har altså heimel til å gje eit slikt løyve som det er snakk om.

I tillegg til ein eventuell dispensasjon til motorferdsel i landskapsvernområdet, må søkjaren sørge for at køyringa er i tråd med lova om motorferdsel i utmark (løyve eller klarering hjå kommunen) og løyve frå grunneigar til å køyre på grunnen.

Vurdering

Beitenæringa står sterkt i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde. Det er gjennom bruken av området til utmarksbeiting og fjellbeite at stølskulturen har oppstått og skapt det kulturlandskapet som

er ein del av verneføremålet i landskapsvernområdet. Det er derfor lagt opp til, både i verneforskrift og i praktisk forvaltning, å støtte opp om beitenæringa og dei behov som beitenæringa har.

Snøskuter på snødekt mark er ein skånsam måte å frakte transportere varer, forsyningar og materialar på, og det er derfor ein av dei anbefalte transportmidla for bruk inne i eit verneområde. Snøskuter på snødekt mark set normalt ikkje varige spor i terreng og vegetasjon. Dette er derfor den mest aktuelle måten å drive transport på i landskapsvernområdet, saman med bruk av helikopter og bruk av båt på vatna.

Det er ei villreinstamme i Naustdal-Gjengedal landskapsvernområde, nemlig den sokalla Førdefjella-reinen. Det er ei stamme på 80-100 dyr. Villreinen er ein sårbar art som lett vert forstyrra av motorferdsel og anna aktivitet i leveområdet. Særleg gjeld dette i tida fram mot og under kalving. Dersom simlene vert utsett for forstyrning i denne perioden, kan resultatet i verste fall bli at dei kastar kalven. Ein må derfor unngå motorferdsel og anna omfattande aktivitet i dei områda simlene oppheld seg før og under kalving. Området det er søkt om å køyre i, ligg innanfor det som er definert som kalvingsområde for villreinen i Førdefjella (Naustdal-Gjengedal). Det er og dette området som reinen har nytta som kalvingsområde dei siste åra og som det er forventa at dei vil nytte i år.

Forvaltninga har vore i kontakt med sekretariatet til Villreinnemnda i Sogn og Fjordane i samband med ei liknande sak, og dei ber instendig om at det ikkje må opnast for motorferdsel inn i det området som er definert som kalvingsområde etter 15. mars.

Vurdering opp mot miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

Jamfør § 7 i naturmangfaldlova (nml) skal alle tiltak som kan påverke natur og miljø vurderast opp mot nml §§ 8-12. § 8 handlar om kunnskapsgrunnlaget. I denne saka er kunnskapsgrunnlaget basert på erfaringar frå tidlegare år, både med omsyn til effektane av snøskuterkøyring og kunnskap om villreinen sin områdebruk gjennom året. Forvaltninga har vore på fleire synfaringar i området siste åra. Saka er godt belyst og kunnskapsgrunnlaget er so godt at føre-var-prinsippet i § 9 ikkje er aktuelt i denne saka. Den samla belastninga av motorferdsel og anna aktivitet i området er innanfor det akseptable (jamfør nml § 10), omfanget av motorferdsel i området er lågt. Det er ikkje forventa at tiltaket skal føre med seg skade på naturmangfald som gjer erstatning jamfør § 11 aktuelt. Transportmetoden som det er søkt om, er blant dei mest skånsame metodane jamfør nml § 12.

Verneområdeforvaltaren sitt framlegg til vedtak:

I og med at vi for 2013 er kome inn i den sårbare perioden for villrein, so kan eg ikkje innstille på å gje løyve til snøskuterkøyring i kalvingsområdet no i 2013. For 2014 og 2015 kan det derimot gjevast løyve til køyring tidlegare på vinteren.

Naustdal-Gjengedal verneområdestyre gjev Gjengedalsmarkja beitelag følgjande løyve til utkøyring av saltsteinar med snøskuter:

2014 og 2015:

Ein til to turar kvart til saltautomatane i området Risbotnen – Rantane – Strandaskaret. Løyvet gjeld i perioden 1.1 – 15.3. i 2014 og 2015.

Vilkår for løyva:

- Løyvet skal medbringast under køyring
- Det skal ikkje køyrast på søndagar og heilag dagar
- Køyringa skal avgrensast til det som er naudsynt og det skal takast omsyn til dyreliv, planteliv og turfolk. Særleg viktig er det å ta omsyn til villrein.
- Det skal gjevast melding til Statens Naturoppsyn v/Rune Holen (tlf 975 95 102) seinast dagen før køyring. SNO kan nekte køyring dersom omsyn til natur og miljø krev det.
- Køyring skal rapporterast til verneområdeforvaltar etter kvar sesong, innan 15.april.

Saksprotokoll i Naustdal-Gjengedal verneområdestyre - 03.04.2013

Vedtak ST 20/13

Styret fatta vedtak i tråd med forvaltaren sitt framlegg til vedtak.